



Implenia Norge AS Region Vest Bergen
Pb 173 Lilleaker
0126

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3797 - 14/14984

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
02.10.2014

Vedtak om avvising og retur av ikkje godtatt søknad om oppføring av anleggsbrakker på gbnr. 1/1 i Meland kommune

Administrativt vedtak. Saknr: 272/2014

Bakgrunn

Det vert vist til søknad motteke 18.9.2014 om løyve til oppføring av anleggsbrakker mm. på gbnr. 1/1 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 20-1.

I støtteskriv til søknaden er det opplyst at tiltaket har tilknytning til utbetring av E39 over Flatøy.

Saman med søknaden om byggjeløyve er det vedlagt følgjande dokumentasjon:

- Avtale med grunneigar om leie av grunn på gbnr. 1/1.
- Illustrasjonsplan over tiltaket (ikkje målsett eller målestokkholdig).
- Områdekart (ikkje målsett eller målestokkholdig).

Vurdering

Før kommuneadministrasjonen kan behandle ein søknad om byggjeløyve må søknaden innehalde dei opplysningar og den dokumentasjonen som er naudsynt for at administrasjonen skal kunne godkjenne tiltaket, jf. pbl. § 21-2 og Saksbehandlingsforskriften (SAK10) § 5-4 («fullstendig søknad»).

Føreliggjande søknad inneheld så mange og vesentlege manglar at administrasjonen finn grunn til å avvise søknaden. Av vesentlege manglar kan nemnast (ikkje uttømmande):

- Tiltaket er ikkje nabovarsla.
- Det er ikkje søkt om naudsynte ansvarsrettar eller lagt ved gjennomføringsplan.
- Det ligg ikkje føre opplysningar om tiltaket si storleik.

- Søknaden inneheld ikkje tilstrekkelege opplysningar om tiltaket si art eller bruk - t.d. kva behov tiltaket utløyser med omsyn til tilkopling til VVA-infrastruktur - utover at det er tale om anleggsbrakker. Det er heller ikkje gitt opplysningar om tidslengda for tiltaket.
- Forholdet til plangrunnlaget er ikkje vurdert gjennom søknaden (kommune- og reguleringsplan), under dette òg forholdet til m.a. arealformål og byggjegranser mot kommunal- og fylkesveg, og om tiltaket er avhengig av dispensasjon frå lov eller plan.
- Det er ikkje innsendt målsett og målstockhaldig situasjonskart eller teikningar.
- Søknaden inneheld ikkje opplysningar om minsteavstand til t.d. kraftliner, vegmidte, vann- og avløpsleidningar mm.
- I søknaden er det kryssa av på at tiltaket ikkje får følgjer for eksisterande eller framtidige arbeidsplassar, men på bakgrunn av dei andre opplysningane om tiltaket i søknaden stiller administrasjonen likevel spørsmål ved om dette er tilfellet.

Føreliggjande søknad vert på denne bakgrunn returnert. Før tiltaket kan må det først eventuelt sendast inn en ny søknad i samsvar med krava til innhald i pbl. § 21-2 og SAK10 § 5-4.

Vedtak

Meland kommune avviser i medhald av Plan- og bygningsloven §§ 20-1 og 21-2 søknad motteke 18.9.2014 om løyve til oppføring av anleggsbrakker på gbnr. 1/1. Om grunngjevinga for vedtaket vert det vist til vurderinga over.

Søknaden vert på denne bakgrunn arkivert og saka avslutta.

Saka er avgjort administrativt i samsvar med delegert myndighet.

Med heimel i Gebyrregulativ (2014) pkt. 4.7 og 10.2.11 følgjer vedlagt gebyr for kommunen si handsaming, jf. pbl. § 33-1.

Vedtaket kan påklagast, jf. fvl. §§ 28 – 36, sjå vedlagte rettleiing. Om åtgangen til å klage over fastsett handsamingsgebyr vert det vist til Gebyrregulativ (2014) pkt. 4.13.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak oppsetting av brakkerigg E39 Flatøy Midtdeler .
Brakkerigg E39 Flatøy Midtdeler .

